



Kriminalomsorga sine regionkontor
Kriminalomsorga si høgskule og utdanningssenter KRUS

Rundskriv

KDI 6/2017

Vår ref:
201622968-1

Dato:
15.06.2017

RUNDSKRIV KDI 6/2017 - SÆRSKILDE FØRINGAR I KOMPIS

Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI) har utarbeidd ein modul for særskilde føringar i datasystemet KOMPIS. I fyrste omgang er ein slik journal tilrettelagd for KOMPIS KIA. Direktoratet vil vurdere behovet også for andre modular i KOMPIS systemet, både KIF og BOOKING.

Bakgrunn:

Kriminalomsorga sitt system for handtering av personlege opplysningar tek i dag omsyn til dei behova som må reknast med og som slike datareiskap krev. Likevel ser KDI at det kan oppstå situasjonar der KOMPIS ikkje i tilstrekkeleg grad tek høgde for alle tenkelege sider av det å rå over store mengder personlege, og i omfattande mon sensitive opplysningar.

Innføringa av denne nye modulen i etaten sitt system vil styrke kriminalomsorga si evne til å ta vare på personvernet til både dei som gjennomfører straff, bot eller varetekts. Journalen gjer kriminalomsorga sitt fagdatasystem meir komplett og robust i handteringen av personlege opplysningar o.a. som vert notert om den innsette. Dette oppnår ein direkte gjennom reguleringa av tilgangar til journalen – *tilgangstyring* – men også indirekte, ved at behovet for føringar utanfor Kommissystemet vert mindre. Dette sikrar i større grad både notoritet og tryggleik rundt personopplysningar, slik lov og regelverk på området legg til grunn.

Innføringa minskar også risikoen for at den enkelte tenesteperson skal verte kontakta av utanforståande og av desse vert pressa og/eller oppfordra til rettsstridig å gje ut informasjon.

Når særskild journal skal nyttast:

Når innsette av ulike grunnar representerar ei særleg offentleg- og/eller mediainteresse, vil slik særskild føring i KOMPIS i større grad sikre at opplysningar knytt til personen ikkje kjem på avvege.

Årsaka til ei slik interesse som skildra ovanfor kan mellom anna vere knytt til personen sitt yrke, profilering i media med vidare, men også arten eller omfanget av den kriminelle gjerninga. Det sentrale for avgjerala om føringa av hendingar i eigen journal skal finne stad er at interessa for opplysningar langt overstig det som er vanleg. Ein slik spesifikk merksemrd kan allereie ha vist seg før personen kjem til fengselet, eller at det må leggjast til grunn å kunne føre ei slik auka interesse frå utanforståande.

Bruk av særskild journal i KOMPIS vil etter dette venteleg vera avgrensa. Særskild journal skal berre innehalde opplysningar som normalt høyrer heime i KOMPIS. KDI vil understreke at slik journal ikkje skal nyttast for etterretningsinformasjon, kildeopplysningar eller annan informasjon som er sensitiv av tryggingsårsaker eller av omsyn til samarbeid med andre etatar. Der det er naudsynt, skal slik informasjon handterast i INFOFLYT-systemet.

Opprettning av særskild journal:

KDI avgjer når særskild journal skal opprettast og nyttast. Avgjerala skal gjerast kjend for fengselet og tilhøyrande region pr. brev i doculivesaka som gjeld den innsette. Avgjerala rører ikkje ved den innsette sine rettar eller pliktar, jf. forvaltningslova § 2.

Tilgang til særskild journal:

Tilgang til både det å skrive i, og lese frå den særskilde journalen skal i langt større mon enn elles styrast. I utgangspunktet er det utelukkande tilsettene på den einskilde avdelinga som skal ha tilgang til journalen, samt inspektør og personar i administrasjonen som treng slik tilgang for å kunne fatte korrekte avgjerdar og vedtak slik mellom anna både straffegjennomførings- og forvaltningslova krev. Ein legg til grunn eit system for smidig og effektiv endring av tilgangar der kor innsette vert flytta frå ei avdeling til ei anna, eller der kor innsette vert overført til anna fengsel. Tilgangen til den einskilde tenesteperson skal opphøyre straks vedkommande ikkje lenger treng slik tilgang, til dømes ved overføring til anna avdeling/eining, eller der kor arbeidsoppgåver internt i avdelinga vert endra. På same tidspunkt skal tilgang gjevast til tilsettene som får behov for slik tilgang grunna endringar som skissert ovanfor.

Bruken av særskilde tilgangar vert loggført.

Avslutting av journal, rett til innsyn o.a.

Når behovet for fortsett føring i særskild journal ikkje lenger er til stades, skal slik føring opphøyre. Det skal i desse tilfella konkret vurderast om dei særskilde journalføringane kan gjerast om til opne føringar for framtida eller om dei skal bestå, og kven som i dette høvet skal ha tilgang til å lese dei.

Den innsette sin rett til innsyn i den særskilde journalen er tilsvarande den som gjeld for føringar i KOMPIS elles.

Ein viser til slutt til rundskriv G-111/2000 – "Om journalsføring og registrering i Kompis KIA".

Retningsliner for føring i særskild journal er lagt ved.

Med helsing

Marianne Volland
direktør

Tom A. Enger
avdelingsdirektør

Vedlegg: Retningsliner for føring i særskild journal